



Ein vegg dekkja av pressefoto frå perioden 1980 - 2000 er eit utdrag av Ola Matti Mathisen sitt pressehistoriske liv i nær på 60 år.

Det er truleg fyrste gongen sidan opninga av Rosendal Aldersheim i 1957 at ein bebuar har tapetsert eine vegg på rommet sitt med pressefoto. Bileta syner aktuelle hendingar og personar i perioden 1980 til år 2000. Ola Matti Mathisen er sjølv fotografen og fortel utførleg bakgrunnen til kvart av motiva. Fotosamlinga på veggan tel 63 foto så langt, 24 motiv er frå 13 ulike land.

Ola Matti Mathisen er fødd på Grue på Finnskogen i 1942 og vaks opp på Rotnelia like ved svenskegrensa. Matti kan syna til 47 år med avisarbeid før han kom til Uskedalen våren 2005 og skreiv sin fyrste artikkel på nettsida Uskedalen.no 4. juli 2006. Han er redaktør og skriv på nettsida i nøyaktig 10 år. Ola Matti Mathisen har skrivne ei rekkje dokumentar- og jubileumbøker frå Lillehammer område.

Veggen full av pressefoto på avdelinga Laurdal på Rosendalsområde fortel om eit interessant pressehistorisk liv. Av tema er vi innoom idrett, politikk, samfunnsliv, reiseliv, kultur, lokalhistorie, arbeidsliv, natur- og dyreliv og ikkje minst møte og intervju med sentrale personar på riksplan. Dette gjeld også møte med Kongefamilien.

Ola Matti fortel detaljert og nøyaktig om motiva. Her finn vi bilete frå mange OL, særleg frå OL på Lillehammer der Mathisen hadde ein sentral profileringsjobb både før og etter sjølv arrangementet. Nokre bilete handlar om politikk, frå landsmøte i Høgre, men også frå intervju med Reidar T. Larsen i NKP. Å vera med statsminister Trygve Bratteli og han delegasjon på reise til Tanzania i Afrika, er sjeldan kost.

Mange turar til Midtvesten i USA både som journalist og som reiseleiar er godt dokumentert på veggan. Det same gjeld då DDR gjekk i oppløysing og om Berlin før og etter murens fall. Nokre motiv handlar om tog- og flyulukker. Møte med advokat Nordhus, statsminister Nordli, Kong Olav, Kong Harald og Dronninga høyrer med til jobben som ein profilert journalist.

Rørande er det å sjå Torstein Treholt, tidlegare landbruksminister og fylkesmann, men mest av alt som far til den spiondømde Arne Treholt. Karneval i Bøverdalen, skogdag i Fåberg, skreddaren på Tretten, og markering

om siste bjørnen som vart skoten på Lillehammer i 1910 syner litt av mangfaldet av det Ola Matti har vore med og dekkja i avisa på Lillehammer.

Kulturlivet vil alltid vera viktig. Bilete av Åse Kleveland visesongar Børt Erik Thoresen og frå museumsverda på Maihaugen og i Gudbrandsdalen er berre litt av alt vi finn på veggen. Midt i alt dette finn vi eit foto frå Husnes, beitande kyr på Frøysteingarden med SØRAL i bakgrunnen.

Dersom du ynskjer ei innføring i norsk samfunnsliv frå 1960 til år 2000, ta kontakt med Ola Matti på Rosnedalstunet og du får ei oppleving for livet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ola Matti Mathisen har møtt Kongefamilien fleire gonger. Han er tildelt Kongens medalje og har vore på mottaking på Slottet.